HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

**MØTEBOK**

**Fylkestinget**

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Dato:** | 10. desember 2013 | **Kl.:** | 11.00-16.40 | **Stad:** | Hotel Grand Terminus, Bergen |
| | 11. desember 2013 | | 09.00-13.50 | | |

**SAKNR.**
**62/13 ÅRSBUDSJETT 2014 / ØKONOMIPLAN 2014-2017**

**Sveinung Valle** sette på vegner av A og Sp fram slikt forslag:

> **"Budsjett for 2014 og økonomiplan 2014-17**
> Hordaland er framtidas fylke og Vestlandet er framtidas region. Vi har gode velferdsordningar og høg sysselsetjing. Dette gjev oss svært gode føresetnader til å skapa ei trygg og god framtid for innbyggjarane.
>
> Vi vil løysa dei store oppgåvene gjennom å satsa på fellesskapsløysingar. Fylkeskommunen skal levera gode tenester til innbyggjarane og vera ein god samarbeidspartnar for nabofylka, kommunane, offentlege verksemder og næringslivet.
>
> Arbeiderpartiet legg fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett til grunn, med følgjande endringar:

**Drift**

**Samferdsel**
- Auke aldersgrensa på ungdomskortet til 21 år — 3,5 mill.
- Fjerne nattaksten på kollektivreiser — 6,5 mill.
- Jentetaxi — 1 mill.
- Drift av hurtigbåt Knarvik-Bergen — 1 mill.
- Einingstakst NSB Arna-Bergen sentrum — 6 mill.

**Kultur og ressurs**
- Støtte til regionale og lokale kulturhus — 5 mill.
- Gratis hall og baneleige — 0,3 mill.
- Fylkesidrettsanlegg — 1,0 mill.
- Tilskot ny driftsbåt Bergen &Omland Friluftsråd — 1,7 mill.

**Opplæring**
- Gratis bærbar pc — 6,5 mill.
- Elev- og lærlingombod — 0,6 mill.
- Prosjektstilling LLH — 0,6 mill.
- Elevrådsfond — 2,0 mill
- Rammeoverføringar til skulane — 15 mill.
- Vil Vite-senteret — 0,15 mill.

| | |
|---|---|
| **Totalt** | 50,85 mill. |

**Saldering drift**

| | |
|---|---|
| • Statsbudsjettet. Endra bruk av auka tilskot til fylkesvegar | 10,0 mill. |
| • Overføring BRB | 4,9 mill. |
| • Kultur vest | 0,33 mill. |
| • Disposisjonsfond | 30,62 mill. |
| • Redusert sjukefråvær | 5,0 mill. |
| **Totalt** | 50,85 mill. |

**Investering**

**Samferdsel**

| | |
|---|---|
| • Bygging av hurtigladestasjonar el-bil | 2,0 mill. |
| • Samanhengjande gang- og sykkelvegar i regionsenter (planarbeid) | 2,0 mill. |
| **Totalt** | 4,0 mill. |

**Saldering investering**

| | |
|---|---|
| Disposisjonsfondet | 4,0 mill. |

**Tekstframlegg**

1. **Endra budsjettmodell for dei vidaregåande skulane**
   Ordninga med stykkprisfinansiering av dei vidaregåande skulane vert avvikla og erstatta med ein modell som sikrar at driftsrammene reflekterer skulane sitt faktiske behov for ressursar.

2. **Nytt inntakssystem**
   Karakterstyrt inntak vert erstatta med eit reelt fritt skuleval. Elevane får rett til å gå på den næraste skulen som tilbyr ønskt studieretning. Elevar som ønskjer det, kan sei frå seg denne retten og søkje seg til andre skular på grunnlag av karakterar. Geografisk søkjande elevar skal prioriterast framfor elevar som søkjer på grunnlag av karakterar. Elevar med særskilte grunnar til å søkja seg til andre skular enn nærskulen sin (mobbing, andre sosiale grunnar, sjukdom osb.), skal prioriterast på likt grunnlag som dei geografisk søkjande elevane.

3. **Samanslåing av klassar i fellesfag**
   Skulane skal ikkje slå saman klassar i fellesfaga med mindre dette er pedagogisk forsvarleg.

4. **Jentetaxi**
   Det har dei siste åra vore skremmande mange overfallsvoldtekter i Bergen. Sommaren 2012 vart det innført ei ordning med jentetaxi i Bergen sentrum som skulle vera eit trygt alternativ for unge jenter til, anten gå heim åleine, eller å oppsøkja pirattaxi. Prosjektet var vellukka, men dessverre kortvarig. For å sikra at folk kjem seg trygt heim på nattestid i Bergen må vi sikra eit betre tilbod på alle offentlege transportmiddel. Å krevja nattakst på buss og bybane gjer desse tilboda mindre attraktive for unge.

   - Hordaland fylkeskommune tek initiativ til, og medfinansierer, i samråd med

taxinæringa, natteravnane, politiet og Bergen kommune eit prøveprosjekt med jentetaxi etter same modell som vart prøvd i 2012.

5. **Hurtigbåt Knarvik- Bergen**
   Denne ruta startar opp 1. januar 2014. Etter fleire mislukka forsøk, er det viktig at ruta no vert levedyktig. Prisen på kombikortet ønskjer vi å redusera prisen på, slik at passasjer-grunnlaget vert godt frå oppstart. Tilskotet er ikkje meint som ei permanent ordning, og skal trappast ned over tid.

6. **Elevrådsfond**
   Fylkestinget set av eit søkbart elevrådsfond på 2 millionar kroner. Pengane skal gjevast som tilskot til elevråd ved dei vidaregåande skulane i Hordaland etter søknad. Opplærings- og helseutvalet er ansvarleg for fordelinga av midlane. Det vert utarbeidd retningsliner for fondet i samråd med Elevorganisasjonen i Hordaland.

7. Det vert fremja eiga sak for politisk behandling våren 2014 om samanslåing av dei vidaregåande skulane på Bømlo. Inntektene frå salet av Bømlo vidaregåande skule, skal øyremerkjast planlegging og investering på Rubbestadneset.

8. Før neste budsjettprosess skal administrasjonen leggja fram ei fullstendig oversikt over disposisjonsfond og andre fondsmidlar HFK rår over, og kor mykje av desse midlane som er til fri disposisjon eller bunde opp."

**Torill Selsvold Nyborg** sette fram slikt forslag:

**"Budsjettframlegg 2014**
Fylkesrådmannens budsjettframlegg vert lagt til grunn med desse endringane.

| | | |
|---|---|---|
| **Opplæring** | | |
| Ny stilling som "mobbeombod" | 0,8 mill. | |
| Instruktørkurs | 1,0 mill. | |
| Førebygging mot slutting | 2,0 mill. | |
| | | |
| **Samferdsel** | | |
| Utbygging av innfartsparkering | 3,0 mill. | |
| Studentkort som gjeld heile fylket | 1,0 mill. | |
| Periodekort buss/båt i Nordhordland | 3,0 mill. | **10,8 mill.** |

**Tekstforslag**
HFK med aktiv støtte til Masfjordbrua.

Alle elevar i vgs som treng det, skal få tildelt lærlingeplass.

Betydeleg auke i lærlingeplassar i offentleg sektor.

Betydeleg auke i lærlingeplassar i ideelle og frivillige organisasjonar.

HFK må forhandla med samferdselsmynde og NSB for å få same takstar for buss og tog frå Arna til Bergen.

**Saldering**

| | | |
|---|---|---|
| Effektivisering av fylkeskommunale kurs og konferansar | 2,0 mill. | |
| Generell effektivisering av drifta i HFK | 3,0 mill. | |
| Innsparing ved lågare sjukefråver | 3,0 mill. | |
| Disposisjonsfond | 2,8 mill. | **10,8 mill."** |

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

**"SV sitt alternative fylkesbudsjett 2014**
Fylkesrådmannen sitt budsjettframlegg, med slike endringar:

**Innleiing**
Meir ekstremvêr er ein konsekvens av dei menneskapte klimaendringane. Vi kan ikkje peike ut ei ekstremhending som menneskeskapt, men at hendingane kjem hyppigare skuldast for store utslepp av klimagassar. Desse ekstremhendinga rammer ofte menneske i land som frå før av er ramma av tidlegare kolonialisme, har ein underlegen plass i det internasjonale handelssystemet, og ofte er styrt av ein korrupt elite.

Hordaland kan ikkje løyse heile verda sine problem, men me kan ta vår del av ansvaret for å hindre overforbruk av naturressursar og yte vårt bidrag til ei meir rettvis verd. Noko av det viktigaste vi kan gjere i denne samanhengen er å syte for ein meir effektiv bruk av den energien vi har. I transportsamanheng tyder dette å prioritere kollektivtrafikk, og i bygningar og hus tyder det å satse ulike typar av enøk-tiltak. Begge desse områda er høgt prioritert i SVs sitt alternative budsjett. Vi vil doble innsatsen i arbeidet med klimahandlingsplanen.

Ungdommen i Hordaland skal verte utrusta til å både møte og vere medskaparar av framtida. Det gjer vi først og fremst med å sikre alle ei god utdanning og tilbod om eit rikt kulturtilbod. Difor vil SV ha ei auka satsing på utdanning, mellom anna for å sikre at flest mogeleg gjennomfører ei vidaregåande utdanning, og vil betre vedlikehaldet av skulebygga. SV vil også utvikle ordninga med kulturkort for ungdom vidare.

Hordaland har til liks med mange andre fylke langs kysten eit todelt næringsliv. Det er viktig at fylket har verdiskaping som ikkje er oljeavhengig. Det offentlege må særleg bidra til at små- og mellomstore føretak får hjelp til nyskaping som kan gje produksjon tilpassa eit berekraftig samfunn.

Hordaland slit til likes med ei lang rad kommunar og fylkeskommunar med aukande gjeld. Dette både bandlegg driftsmidlar for mange år og gjer oss meir sårbare for endra skatteinngang og endringar i kapitalmarknadene. SV meiner at situasjonen krev at dei statlege overføringa vert auka i framtida, og at staten etablerer meir omfattande ordningar for rentekompensasjon, rentegarantiar eller liknande.

**Investeringsbudsjett, verbalforslag**

1. Fylkestinget ber om at posten profilering av eigedommar vert omdisponert og brukt på investeringar i utstyr i den vidaregåande skulen.

**Driftsbudsjettet, taljusteringar**

| **Område (post)** | **Auka driftskostnad** | **Redusert driftskostnad** |
|---|---|---|
| Klimaplan, generell styrking av gjennomføring (715), spes. vekt på motorteknologi | 9 000 000 | |
| Bortfall av støtta til HOG-energi og BRB (700) | | 5 900 000 |
| Einskapstakst for tog strekninga Arna-Bergen | 6 000 000 | |
| Avvikling av ordninga med natt-takst (730) | 6 000 000 | |
| Internettportal, trafikktryggleik | 500 000 | |
| Takstfrys, kollektiv (730) | 23 500 000 | |
| Utviding, ungdomskortet (730) | 3 000 000 | |
| Pilotprosjekt – "treeininga" - kollektiv, sykkel og gange (730) | 2 400 000 | |
| Innsparing, ruteproduksjon (kollektivfelt) (730) | | 50 000 000 |

| | | |
|---|---|---|
| Auka generelle ramme, opplæring (521-532) | 11 000 000 | |
| Øyremerka, auka bruk av vekslingsmodellen i vg skule (560) | 1 000 000 | |
| Elev/lærlinge/mobbeombod, skulepsykolog (560) | 2 000 000 | |
| Utviding, kulturkortet (771) | 1 000 000 | |
| Nynorskscena (771) | 1 000 000 | |
| Styrka vedlikehald, fylkesvegar (7602) | 3 000 000 | |
| Kutt i løyving til Brussel kontoret (715) | | 1 000 000 |
| Redusert utgift, Vestlandsrådet (715) | | 200 000 |
| Prosjekt Trygg skuleveg – Samla oversyn over trafikkfarleg skuleveg ved alle skular i Hordaland | 3 000 000 | |
| Nye busskur | 5 000 000 | |
| Forum Nye Bergensbanen | 500 000 | |
| Nærmiljøtiltak i små bygder for bulyst, identitet og lokale møteplassar | 5 000 000 | |
| Lån til Bergen kommune og Statens vegvesen – sanntidsmåling av luftforureining – 5 nye målestasjoner | 1 000 000 | |
| Auka ruteproduksjon – Buss distrikta | 2 000 000 | |
| Fylkeskommunal del til pendlarruta Laksevåg-CCB-Kleppestø | 2 500 000 | |
| Tilskot til hurtigbåt Nordhordland | 1 000 000 | |
| Sum, endringar | 89 400 000 | 57 100 000 |
| | | |
| **Samla auka driftsutgifter** | **32 300 000** | |

Saldering av auka driftsutgifter: 32 300 000 frå posten til disposisjonsfond.

**Driftsbudsjettet, verbalforslag**

**Opplæring**

1. Fylkestinget vil ha ein modell for fordeling av ressursar mellom skular, som i større grad enn i dag prioriterer skular med låge inntakspoeng og skular kor ein stor del elevar har anna morsmål enn norsk. Ein slik fordelingsmodell krev samstundes at totalramma er tilstrekkeleg vid til å kunne gje alle elevar i Hordaland ei god opplæring.

2. Fylkestinget vil ha reglar for fast maksimal gruppestorleik og at klassar som hovudregel ikkje skal slåast saman i fellesfag.

3. Fylkestinget vise til "vekslingsmodellen", kor opplæring i skule og bedrift vert kombinert, og ber om at fleire elevar får tilbod om opplæring etter ein slik modell.

4. Fylkestinget understreker at alle elevar må verte sikra tilpassa læremiddel. Det tyder at alle skal kunne velje å ha lærebok på papir framfor digitale læremiddel, og læremiddel skal vere tilgjengeleg på begge målføre.

5. Fylkestinget vil samarbeida tettare med kommunehelsetenesta for å styrkja helsetilbodet til elevane i den vidaregåande skulen, og mellom anna setja i gong prøveprosjekt med eigen skulepsykolog.

6. Fylkestinget vil styrkje fagopplæringskontoret og forsterke samarbeidet med partane i arbeidslivet for å få nok læreplassar og særleg oppmode offentlege verksemder om å ta inn lærlingar, samt arbeide for lovfesting av retten til læreplass.

7. Fylkestinget vil ha endra inntaksreglane i den vidaregåande skulen slik at dei elevane som ønskjer det får rett til å gå på den næraste skulen som har det aktuelle

faget/tilbodet.

**Miljø**

8. Fylkestinget viser til Spar Kjøp sitt jordvarmeprosjekt på Kokstad og ønskjer at Hordaland fylkeskommune skal finne eit eigna bygg til å prøve ut eit eige prosjekt.

9. Fylkestinget ber om at arbeidet med å elektrifisere hamna (jmf. mål i klimaplanen) vert ytterlegare forsert. Visjonen er ei heilelektrisk hamn heilt utan klimagassutslepp.

10. Alle nye drosjebilar bør ha hybrid/elektrisk teknologi. Innan fire år skal heile drosjeparken vere bytta til slik teknologi.

11. Det skal verte oppretta eit informasjonskontor retta mot alle innbyggjarane i Hordaland, med enøk som hovudarbeidsområde. Dette skal integrerast i arbeidet med klimahandlingsplanen.

12. Fylkestinget ønskjer eit prosjekt for bruk av solfangarar og/eller solcellepanel på alle fylkeskommunale bygg. Slik teknologi skal verte installert på alle bygg kor det kan syte for redusert bruk av anna energi. Ein del av prosjektet bør vere å inkludere yrkesfagelevar innanfor relevante studieretningar, med å både kartleggje og installere.

13. Fylkestinget har som mål at Bergensområdet får Noreg sitt beste grøne kollektivtilbod innan 2020. Det er nødvendig med ei teknologiutgreiing som grunnlag for framtidige anbod både for buss og båt. Trolleybuss blir ein viktig teknologi. I tillegg må fylket utgreie buss med batteri, hybridmotorar og moderne gassmotorar. Ny elektrisk ferje til Osterøy blir eit pilotprosjekt for miljøvennleg båtsatsing.

14. Fylkestinget vil styrkje konkurransekrafta til kollektivtrafikken gjennom å få etablert kollektivfelt, fryse maksimumstaksten og effektive avgrensingar på biltrafikken. Dette vil føre til kortare køyretid, betre regularitet og auka inntekter til fylkeskommunen.

15. Fylkestinget vil, saman med Bergen kommune, intensivere arbeidet for å betre framkoma for kollektivtrafikken i Bergen. Alle 4-felts innfartsårer og eksisterande sambruksfelt vert omgjorte til sambruksfelt i ein overgangsperiode, til permanente kollektivfelt er etablerte. Ei alternativ ordning med kollektivfelt frå 0600 til 0900 vert prøvd ut med auka kollektivdekking.

16. Fylkestinget vil ha bygd 2.000 nye innfartsparkeringsplassar i bydelane og kommunane rundt Bergen (parkering med skyss). Dette vil gje betre plass på vegnettet til kollektivtrafikk og annan nyttetrafikk. Og i tråd med fylkets tidlegare vedtak ønskjer Hordaland fylkesting at 2.000 parkeringsplasser i Bergen kommune blir fjerna.

17. Fylkestinget vil gjeninnføre prinsippet om gratis skuleskyss. Ordninga med samordning av skulereisekort og ungdomskort skal vere frivillig.

18. Arbeidet for å korte ned reisetida mellom Oslo og Bergen til 4 timar innan 2020 må intensiverast i høve til den nye Solberg-regjeringa. I møte med nasjonale samferdslestyresmakter er raskare Bergensbane jobb nummer ein. Hordaland fylkeskommune vil halde fram og styrke samarbeida med kommunar og fylke langs bana, inkludert Bergen kommune. Planmidlar til Ringeriksbane må inn i NTP sin første planperiode. Arbeidet med kommunedelplanar må ta til snarast.

19. Fylkestinget meiner Vossabanen må utviklast som forstadsbane til Bergen, det krev at utbygging av infrastruktur Bergen-Voss vert prioritert. Fylkestinget krev at det rullande materiellet vert fornya.

20. Skansentunnelen vil gje ein farleg auke av biltrafikk via Bergensdalen. Alt planarbeid for denne tunnelen må verte avslutta.

21. Fylkestinget vil ha eit prosjekt for å fremje - «Treeininga» - kollektiv, sykkel og gange. Ein viktig del av prosjektet skal fleire venterom og generelt betre haldeplasser kombinert med bysyklar. Prosjektet bør byggje vidare på Skyss og Bybanen sin visuelle profil og vere fri for kommersiell visuell forsøpling.

22. Fylkestinget ber om at planlegginga av en rullebane nummer to på Flesland vert avslutta. Ein auke i flytrafikken vil bryte med regionale, nasjonale og internasjonale mål om å kutte i utsleppa av klimagassar og verne befolkninga mot helsefarleg støy.

23. Fylkestinget ber om at den planlagde pendlarruta CCB-Laksevåg-Kleppestø vert støtta. Prosjektet har et bra potensiale for å kunne verte eit vellukka døme på meir bruk av sjø til persontransport, og på sikt bør ho verte ei ordinær transportordning for alle.

**Tannhelse**

24. Fylkestinget vil arbeide for ei tannhelseordning finansiert over Folketrygda med eit felles nasjonalt takstsystem. Det er ingen naturleg grunn til at tannhelsa skal handsamast annleis enn helse elles.

**Kultur**

25. Fylkestinget ønskjer kulturkortet utvida til å gjelda fleire kulturtilbod og alle studentar.

26. Fylkestinget meiner regionane i Noreg treng ei langvarig satsing på film for å hindre ytterlegare sentralisering av filmproduksjonen. Som ein del av denne satsinga skal Hordaland fylkeskommune gå i partnarskap med Bergen kommune for å danne eit regionalt filmfond.

27. Fylkestinget ber om at arbeidet med å finne eit sentralt lokale for ein nynorskscene vert prioritert høgt. Målet er å finne ein plass i Bergen sentrum i løpet av 2014.

**Likestilling**

28. Fylkestinget ber om at ein minskar delen tilsette i deltidstillingar. Heile stillingar skal vere hovudregelen.

29. Menneske med nedsett funksjonshemming som ikkje kan nytta offentleg transport-middel må få høve til å parkere gratis ved arbeidsstaden.

30. Fylkestinget ber om ein gjennomgang av omfanget og kvaliteten på opplæringa for elevar med særskilde behov, og på bakgrunn av dette syte for at dei får både eit fjerde og femte skuleår.

**Finansiering/innkjøp/regional utvikling**

31. Fylkestinget ber om arbeidet mot skatteparadis, sosial dumping og anna tilknytt økonomisk kriminalitet vert prioritert høgare. Spesielt viktig er det å syte for innsyn i leverandørkjeder og slik sikre at også mindre underleverandørar ter seg som seriøse aktørar.

32. Fylkestinget er uroa for den høge gjeldsgraden til Hordaland fylkeskommune, og meiner det må vere ei prioritert oppgåve å både sikre større årlege statlege overføringar og fleire statlege instrument som kan verne kommunane og fylkeskommunar mot renteendringar o.l.

33. Fylkestinget meiner det omfattande kuttet i tilskott til regional utvikling i statsbudsjettet ikkje er godt nok grunngjeve og vil arbeide for å reversere kutta i kommande

statsbudsjett. Det er spesielt viktig at Bulyst-prosjektet ikkje lid skade på grunn av dette kuttet."

**Natalie Golis** sette fram slikt forslag:

"**MDG budsjett 2014**
Det er ikke rom for store investeringer i HFK slik den økonomiske situasjonen er. Vi vil rose fylkesrådmannen for et godt budsjettdokument. Det er absolutt nødvendig å ha god dekningsgrad for de primæransvarsområdene for fylkeskommunen. Gjeldsgraden for HFK er formidabel, og behøver et massivt innskudd av statlige midler. De statlige kuttene til regional utvikling er bekymringsverdig, særlig gjelder dette de vellykkede Bulyst-midlene til kommunene i distriktene. Dette vil vi jobbe for å reversere.

Opprustningen av fylkesveiene er viktig og nødvendig. Dagens vedlikeholdssituasjon er prekær. Vi vil likevel prioritere noe av dette over i miljøtiltak. Samferdselspolitikk må også være miljøpolitikk. Samferdselspolitikken må baseres på mangfoldig kollektivtilbud, endret behov for transport og bærekraftig utvikling.

MDG etterlyser de gjennomgående klimamålene i budsjettet. De skal fungere som en rød tråd gjennom alt arbeidet i fremtiden.

Klimaplanene må være mere synlige i fylkeskommunens arbeid i perioden fremover. Fylkestinget sender en direkte og tydelig tilbakemelding til fylkesrådmannen at klimaplanen skal være et førende dokument og en rød tråd i det all god saksbehandling. Samferdselspolitikk, bærekraft og regional utvikling er også miljøpolitikk.

Miljøpartiet De Grønne legger fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett til grunn, med følgende endringer:

| | **Reduserte utgifter** |
|---|---|
| HOG | 5 900 000 |
| Økt sparekrav administrasjon | 2 000 000 |
| Lederutvikling | 1 500 000 |
| Business region Bergen prosjektstøtte | 2 563 000 |
| Business region Bergen driftstøtte (halvering) | 1 200 000 |
| Endret anvendelse fra økt tilskudd til fylkesveinettet | 20 100 000 |
| Profilering av bygg | 10 000 000 |
| Disposisjonsfond | 43 330 000 |
| Redusert sykefravær | 5 000 000 |
| **Sum** | **57 810 000** |

| | **Økte utgifter** |
|---|---|
| El-ferge Breistein | 4 000 000 |
| Økning klimaplan | 10 100 000 |
| Tilskudd til frivillige miljøorganisasjoner | 1 000 000 |
| Utredning av hurtigbåt trase mellom Sotra og Bergen | 500 000 |
| Øke aldersgrensen på ungdomskoret til 21 år | 3 000 000 |
| Enhetstakst NSB Arna- Bergen | 6 000 000 |
| Gratis hall, bane- og romleie | 5 000 000 |
| Studentkort som gjelder hele fylket | 1 000 000 |

| | |
|---|---|
| Planleggingsmidler innfartsparkering | 3 000 000 |
| Takstfrys kollektiv | 23 000 000 |
| Mobbeombud-skole | 1 000 000 |
| Miljøombud for Hordaland | 1 000 000 |
| Religionsdialog forprosjekt: utlyses | 500 000 |
| Tannhelsesatsene | 3 200 000 |
| Økte overføringer til skole | 10 000 000 |
| Nynorskscenen | 510 000 |
| Døvetolker Vdgs | 500 000 |
| **Sum** | **57 810 000"** |

**Pål Kårbø** sette fram slik protokollmerknad:
"Viser til KrF sitt syn i sak 68, der vi vil stemma mot reklamefinansiert kollektivtransport."

**Rasmus Laupsa Rasmussen** sette på vegner av A, Sp og SV fram slik protokollmerknad:

"Vi viser til flertallspartiene Høyre, FrP og Venstre, med støtte fra KrF sitt budsjettforslag og stiller oss svært kritisk til at Hordaland fylkeskommunes budsjett for 2014 mangler inndekning. Budsjettet er saldert med 10 mill. kr i inntekt fra reklamefinansiering av kollektivtrafikken og dette overstiger kraftig de forventede inntektene."

**Røysting**
Golis sitt forslag fekk 2 røyster (MDG) og fall.
Oen sitt forslag fekk 2 røyster (SV) og fall.
Nyborg sitt forslag fekk 5 røyster (KrF) og fall.
Valle sitt forslag fekk 23 røyster (A, SV, MDG, SP) og fall.
Innstillinga vart vedteken mot 23 røyster (A, SV, MDG, SP).

**VEDTAK (10.12.2013)**

**Budsjett 2014 – økonomiplan 2014-17**

**1. Innledning**
Koalisjonen FrP/H/V legger med dette fram sitt budsjettforslag for 2014 og økonomiplan 2014-17. Budsjettet er delt i to deler,- en talldel og en tekstdel med føringer til fylkesadministrasjonen. Framlegget er også drøftet med KrF, som har signalisert subsidiær støtte til budsjettframlegget.

**2. Generelt**
FrP/H/V viser til fylkesrådmannens Budsjettframlegg for 2014 og økonomiplan for 2014-17, samt tilleggsframlegg I og II.

Koalisjonen støtter fylkesrådmannens hovedbudskap om å holde igjen på varige driftskostnader for å skape rom for økte kapitalkostnader som følge av omfattende investeringer i ny infrastruktur innen samferdsel og skole i økonomiplanperioden.

Basert på FrP/H-regjeringens framlegg til statsbudsjett, støttet av KrF/V i Stortinget, finner allikevel koalisjonen rom for en økt satsing på videregående skole i Hordaland.

FrP/H/V øker de samlede rammene for skolesektoren med 21 mill. kr i 2014. I tillegg ligger det inne en omfattende satsing på fylkesveier og kollektivsektoren i budsjettfremlegget, herunder fremskynding av tre større fylkesveiprosjekt med samlet ramme på 235 mill. kr i 2014-15, standardheving på fylkesveinettet med 70 mill. kr i 2014, samlet 40 mill. kroner til økt ruteproduksjon på kollektiv-området i 2014, samt satsing på innfartsparkering og ladepunkt for el-bil.

Parallelt må Hordaland fylkeskommune arbeide målrettet med utviklingstiltak for å kunne effektivisere driften, øke servicenivået og bedre tjenesteproduksjonen overfor innbyggerne i fylket. Ekommune-satsing, med helelektroniske arbeidsprosesser, er ett eksempel på utviklingsarbeid som bør stå i fokus de kommende årene. Koalisjonen vil også be om at fylkesrådmannen vurderer om den fylkeskommunale organisasjonen er moden for en mer gjennomgripende organisasjonsutviklings-prosess der en bl.a. ser på organisasjonsstruktur, styringsmodell, rapporteringsregime til politisk nivå, arbeidsprosesser og tjenesteutvikling.

Nedenfor vil vi kommentere de enkelte endringene som ligger til grunn for koalisjonens samlede budsjettframlegg.

## 3. Driftsbudsjettet

### *3.1 Opplæring og helse*
Fylkeskommunen har ansvaret for den videregående skolen. Det er en oppgave og et ansvar som krever langsiktighet og handling på samme tid. Det er 17 000 elever i den offentlige videregående skolen i Hordaland, og kravene til opplæringen er i stadig utvikling og endring.

En av utfordringene for skolene våre er at en for stor andel av elevene ikke fullfører sitt påbegynte utdanningsløp. Vi forsøker å ha et så variert skoletilbud som mulig, med mange veier frem mot fullført videregående opplæring, enten det er et fagbrev eller studiekompetanse. Derfor styrker vi nå blant annet vekslingsmodellen og produksjonsskole for å sikre et bredt og mangfoldig tilbud.

Noen skoler har, på ulike måter, klart å bygge seg opp fond. Noen midler kommer fra skolenes eksterne kursvirksomhet, andre fra overskudd på ordinær drift. Koalisjonen mener dette må vurderes i egen sak før vedtak om fondsmidlene treffes. Vi tar derfor ut fylkesrådmannens forslag om å trekke inn 10 mill. kr fra de videregående skolenes fond i 2014, og ber om at dette blir tatt opp i en egen sak i opplærings- og helseutvalget og fylkesutvalget, hvor prinsipper for fondsbruk på skolene blir tatt særlig opp. Her bør også organiseringen av den eksterne kursvirksomheten vurderes nærmere, og sees opp mot f.eks. Rogalandsmodellen for organisering av de videregående skolenes oppdragsvirksomhet.

Vi går videre inn for en generell styrking av videregående skole med 11 mill. kr. Samlet gir dette en styrking av de videregående skolene i Hordaland med 21 mill. kr 2014.

Skolebruksplanen ble vedtatt av fylkestinget i mars i år. Blant de skolene som i følge denne skal slås sammen er de to videregående skolene i Bømlo kommune. Da kommunen her har planlagt ny ungdomsskole, er det i gang en god prosess mellom fylkeskommunen og Bømlo kommune om et eventuelt salg av Bømlo videregående skole. Vi forstår at lokalsamfunnet og kommunen er utålmodige etter å komme i gang med sammenslåingen. Samtidig må vi se skolebruksplanen som en helhet, og som organisasjon trenger vi tid på å gjennomføre skolebruksplanen. Det er viktig for koalisjonen at fylkeskommunen er proaktiv i prosessen, og at inntekter fra salg øremerkes planlegging og investering på Rubbestadneset. Egen sak fremmes for politisk behandling i løpet av våren 2014, med den hensikt at slike midler kan bidra til en raskere oppstart av prosessen med sammenslåing av disse skolene enn det som nå er forutsatt.

### *3.2 Samferdsel*
Koalisjonen er svært tilfreds med at FrP/H-regjeringen har videreført ordningen med rentefrie lån til utbygging av fylkesveinettet. For Hordaland gir dette en økt investeringsramme på 176 mill. kr i 2014.

Det økte økonomiske handlingsrommet gjør at vi kan fremskynde de tre fylkesveiprosjektene som fylkesrådmannen hadde utsatt til 2017 i sitt budsjettframlegg. Vi tar inn igjen prosjektene FV158 Grindavoll-Lepsøy i Os (66 millioner), Storskaret-Arefjordspollen i Fjell (152 millioner) og undergang Ringheimsvegen på Voss (17 millioner), - alle med oppstart i 2014.

FrP/H/V legger til grunn at de økte rammene til fylkesveinettet vil bli videreført i resten av stortingsvalgperioden, men vil komme tilbake til en ny prioritering av aktuelle strekningsvise

fylkesveiprosjekt ved behandling av 2015-budsjettet. Målsettingen er en opprusting av infrastrukturen i hele fylket.

Det er fortsatt et stort etterslep på vedlikehold og mindre rehabilitering på fylkesveinettet i Hordaland. I fylkesrådmannens forslag er det bare funnet rom til å møte halvparten av de behovene som Statens Vegvesen har meldt inn. Fylkeskommunene har arvet en nærmest umulig oppgave fra staten i forbindelse med regionreformen i 2010. Koalisjonen ser imidlertid at den øremerkede satsingen på fylkesveinettet fra FrP/H-regjeringen gir rom for å øke standardhevingstiltakene på fylkesveinettet med 70 mill. kr i forhold til opprinnelig budsjett fra fylkesrådmannen.

I tillegg gir økte rammer på samferdsel rom for følgene hovedprioriteringer;

10 millioner til pendlerparkering

FrP/H/V satser offensivt på pendlerparkering. Vi vil styrke muligheten innbyggerne i omegnskommunene og bydelene i Bergen har for å bruke kollektivtilbudet inn mot Bergen sentrum. Vi forventer en stor befolkningsvekst i Bergensregionen og dermed høy trafikkvekst i årene som kommer. Dette må vi allerede nå ta høyde for, og setter derfor av 10 mill. kr til utbygging av pendlerparkering. Midlene forutsettes brukt i spleiselag med aktuelle kommuner/private aktører.

Ny ruteproduksjon

Koalisjonen legger til grunn en økt ruteproduksjon på 40 mill. kr i 2014. Dette fordeler seg på 30 mill. kr i økt bussruteproduksjon og kr 10 mill. til ny hurtigbåtrute Knarvik-Bergen. I tillegg medfører nye kontrakter på hurtigbåtrutene ellers i fylket en standardheving med nytt båtmateriell.

Vi sender med dette et sterkt signal om at alle frigjorte midler og økte inntekter i kollektivsektoren kanaliseres inn til flere avganger og økt kapasitet. Et eksempel på dette er at forventet nettoinntekt på 10 mill. kr fra reklameprosjektet i kollektivsektoren øremerkes økt ruteproduksjon.

En rapport utarbeidet av Urbanet Analyse viser at behovet for overføringer til kollektivtransporten kommer til å øke dramatisk de neste 20 årene. Flere og flere velger å reise kollektivt, og vi gjør nå alt vi kan for å bygge ut kapasiteten på en bærekraftig måte. Fylkeskommunen har, gjennom Skyss, gjort mye allerede for å utnytte kapasiteten i kollektivsystemet i Hordaland. Det er innført stamruter, det bygges kollektivfelt, det er kommet på plass flere salgskanaler for billetter og det holdes et generelt høyt trykk på produktutvikling og -forbedring.

5 millioner til ladestasjoner og miljøknutepunkt Fjøsanger

Antallet elbiler i Hordaland er doblet det siste året, og V/H/FrP setter av 5 mill. kr til ytterligere satsing på ladepunkt. Midlene bør brukes i samarbeidsprosjekt med kommuner og private aktører. Klimautfordringene er et felles ansvar for enkeltmennesker, næringsliv, kommuner, fylkeskommuner og staten. Som en del av denne satsingen vil koalisjonen bidra til etablering av knutepunkt for nullutslippsbiler der hurtigladestasjoner og hydrogenstasjon blir samlet på et sentralt punkt i Bergen. Dette forutsetter et samarbeidsprosjekt mellom private aktører og Bergen kommune.

### *3.3 Kultur og ressurs*

Innen dette området legger koalisjonen inn en økning på kr 200 000 til oppfølging av Museumsplanen for Hordaland. Samlet løyving blir etter dette 2,1 mill. kr til formålet.

Koalisjonen legger også inn et tilskudd på kr 100 000 til alle kommuner som utarbeider kulturminneplan. Pr. i dag er det 27 kommuner i Hordaland som ikke har oppdaterte kulturminneplaner, og dette resulterer i unødvendig mange innsigelse i arealsaker i de aktuelle kommunene. FrP/H/V legger opp til en årlig ramme på 1 mill. kr til formålet de neste tre årene.

Videre legger FrP/H/V inn en vesentlig styrking av friluftslivssektoren i 2014-budsjettet. Tilskuddet til Vestkystparken blir økt med kr 300 000. I tillegg får Bergen og Omland Friluftsråd økt sitt driftstilskudd med kr 300 000 som følge av utvidet virkeområde med to nye kommuner, Kvam og Osterøy. Det legges også inn 1 mill. kr i tilskudd til innkjøp av ny servicebåt som skal betjene friluftsområdene i disse kommunene.

Koalisjonen legger også inn igjen 1 mill. kr på posten for tilskudd til idrettsanlegg i fylket. Satsingen på både friluftsliv og idrett er forankret i folkehelseperspektivet.

Videre legger koalisjonen inn 1 mill. kr i 2015 til avdrag- og rentekostnader knyttet til flytting av Hordaland Teater fra Stend til sentrum. Det bes om en egen sak vedr. flyttingen i løpet av 2014. Her må rammer for flytteprosessen, inkludert investeringsbehov klargjøres.

### *3.4 Regional utvikling*

Koalisjonen slutter seg til hovedprioriteringene på området. En ønsker likevel å målrette og spisse bruken av regionale utviklingsmidler. Det tas derfor sikte på en gjennomgang av forholdet mellom HFK og de forskjellige organisasjoner og nettverksprosjekter innen feltet. Det bes derfor om en gjennomgang og prinsippsak om både støttebeløp og oppdragsbeskrivelse.

Koalisjonen vil understreke viktigheten av arbeidet med Global Centres of Expertise, og vil uttrykke støtte til de to initiativene som er under arbeid.

### *3.5 Inndekning*

Økt satsing på pendlerparkering, ladestasjoner og fremskynding av investeringsprosjekt på fylkesvei er dekket inn ved redusert overføring fra driftsbudsjett til investeringsbudsjett, dvs. endret anvendelse av 20,1 mill. kr fra økt tilskudd til fylkesveinettet fra FrP/H-regjeringen.

Økt ramme til videregående skole og enkeltposter på kultur- og ressursområdet er i hovedsak dekket inn gjennom redusert avsetning til disposisjonsfond med 24 mill. kr. Rest disposisjonsfond i 2014-budsjettet blir etter dette 12 mill. kr.

## 4. Driftsbudsjett 2014 – talldel

| | **Økte kostnader / Reduserte inntekter** | **Reduserte kostn. / Økte inntekter** |
|---|---|---|
| **DRIFTSBUDSJETT** | | |
| **Opplæring & Helse** | | |
| Ikke nedtrekk fond vgs. | 10 000 000 | |
| Generell styrking videregående skole | 11 000 000 | |
| Takstøkning tannhelsetjenesten | | 800 000 |
| Ungt entreprenørskap | 350 000 | |
| Korrekt tilskudd private skoler (skal være 1 050 000,-) | | 350 000 |
| | | |
| **Samferdsel** | | |
| Innfartsparkering - spleiselag med kommunene/private | 10 000 000 | |
| Ladestasjoner el-bil - herunder prosjekt miljøknutepunkt Fjøsanger | 5 000 000 | |
| Kapitalkostnad v/fremskynding av investeringsprosjekt fylkesvei | 5 100 000 | |
| Finansiering via endret anvendelse av økt tilskudd fylkesvei FrP/H-regjering | | 20 100 000 |
| | | |
| Økt ruteproduksjon kollektiv som følge av reklameprosjekt | 10 000 000 | |
| Nettoinntekter fra Prosjekt reklamefinansiering av kollektivsektoren | | 10 000 000 |
| | | |
| **Kultur & Ressurs** | | |
| Museumsplanen - økt ramme | 200 000 | |
| Friluftsformål - utviding med to kommuner i BOF | 300 000 | |
| Friluftsformål - tilskudd ny båt v/utviding av virkeområde BOF | 1 000 000 | |
| Vestkystparken | 300 000 | |
| Kulturminneplaner (engangstilskudd pr 100 000 til kommunene) | 1 000 000 | |
| Tilskudd til idrettsanlegg | 1 000 000 | |

| | | |
|---|---|---|
| **Generelt** | | |
| Redusert disposisjonsfond, rev. budsjettinnstilling fra fylkesrådmannen (redusert fra 36 mill. kr til 12 mill. kr) | | 24 000 000 |
| **Sum** | **55 250 000** | **55 250 000** |

## 5. Investeringsbudsjett 2014-17

| | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** |
|---|---|---|---|---|
| **Investeringsprosjekt fylkesvei** | | | | |
| FV158 Grindavoll-Lepsøy, Os | 44 000 000 | 22 000 000 | | -31 700 000 |
| Storskaret-Arefjordspollen, Fjell | 115 000 000 | 37 000 000 | | -31 700 000 |
| Undergang Ringheimsvegen, Voss | 17 000 000 | | | |
| ***Sum investering*** | ***176 000 000*** | ***59 000 000*** | ***0*** | ***-63 400 000*** |
| **Effekt i driftsbudsjett fylkesvei** | | | | |
| Renteeffekt investering, 2,5% [1] | 2 200 000 | 5 137 500 | 5 875 000 | 5 082 500 |
| Avdrag investering, 30 år [1] | 2 933 333 | 6 850 000 | 7 833 333 | 6 776 667 |
| ***Sum kapitalkostnad*** | ***5 133 333*** | ***11 987 500*** | ***13 708 333*** | ***11 859 167*** |
| **Finansiering** | | | | |
| Rentekompensasjon stat 176 mill./år | 4 400 000 | 8 800 000 | 13 200 000 | 17 600 000 |
| Andel av økt statlig tilskudd fylkesvei | 733 333 | 3 187 500 | 508 333 | -5 740 833 |
| ***Sum*** | ***5 133 333*** | ***11 987 500*** | ***13 708 333*** | ***11 859 167*** |

[1] Halv rente- og avdragseffekt første år av investering

### Protokollmerknad frå KrF

Viser til KrF sitt syn i sak 68, der vi vil stemma mot reklamefinansiert kollektivtransport.

### Protokollmerknad frå A, Sp og SV

Vi viser til flertallspartiene Høyre, FrP og Venstre, med støtte fra KrF sitt budsjettforslag og stiller oss svært kritisk til at Hordaland fylkeskommunes budsjett for 2014 mangler inndekning. Budsjettet er saldert med 10 mill. kr i inntekt fra reklamefinansiert av kollektivtrafikken og dette overstiger kraftig de forventede inntektene.